

Styremøte SFSG 20.6.17 Fellekjøpet Skei

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Odd-Jarle Øvreås og Solgun Haugen
Ikkje tilstades; Thomas Manseth Bjørhovde, Jostein Flatland

Sak 35/17. Arrangement/møter styremedlemma har delteke på sidan forrige styremøte

Jo: Møte Skei i regi av Tine, telefonmøte geitegruppa

Solgun: To møter ang høyring soneforskrift CWD, eit i Lærdal og eit på Fauske skysstasjon

Ragnhild: Ingenting

Odd-Jarle: Ingenting

Sak 36/17. Oppdatert rekneskap

Styret i SFSG tok rekneskapet til etterretning.

Sak 37/17. Nytt frå dei ulike gruppene, val av vararepresentantar

Avlsutvalet for sau

- Thomas var ikkje til stades på møte

Gjetarhundnemnda

- Kommunikasjon Norgesprøven i Indre Sogn
- Styremøte 22.6

Geitegruppa

- Telefonmøte 19.6
 - o Geitedagar vs geitehelg (går for annakvart år)
 - Ikkje geitehelg i 2017, men fagdag med juletallerken
- Tine vil begynna å analysa geitemjølka for sporer. Dårleg med tilbakemelding. Geitegruppa sender brev til TINE om at bør ha eit par år med resultat før dette vert gjeldande på avrekninga/kvalitetsbetaling.

Val av vararepresentant frå styret i SFSG til

- Avlsutvalet for sau – Odd Jarle (Solgun varslar Tom Idar om val av vara)
- Gjetarhundnemnda – Ragnhild

Sak 38/17. Oppdatert status på manglande årsrapport/org.nr/namn. Medlemstal-ubetalte medlemmar 2017. Fadderordning lokallag.

24 lokallag reg som foreining

7 forsatt sau og geitalslag

Oversikt over ubetalte medlemmar i 2017. Senda brev til lokallaga med info om antal ubetalte medlemmar, org.nr og namn.

Vart bestemt at me ringer rundt til dei lokallaga det gjeld ang manglande org.nr og namn og manglande ubetalte medlemmar.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Jo lagar til oversikt og fordeler laga mellom styremedlemmane.
Odd-Jarle/Solgun sjekkar manglande årsrapportar.

Det må lagast til ein oversikt over kva som skal snakkast om. Kva som er bakgrunnen for bla
org.nr/foreining.

Sak 39/17. Fagtur 2017

Gå Aurlandsdalen laurdag. Besøk Sigurd Vikesland søndag.

Alle må ordna seg med overnatting sjølv. Det vert lagt opp som ein familietur.

Aktuell dato 12-13.8.17.

Solgun sjekkar overnattingsmoglegheiter i Aurland og Lærdal.

Anbefaller tek bussen opp til Østerbø frå Vassbygdi.

Felles middag på søndag etter omvisning.

Jo og Solgun lagar til skriv til lokallaga.

Sak 40/17. Leiarsamling 2017. Tidspunkt, stad og program. Fordeling arbeidsoppgåver.

Start ettermiddag og til lunsj dagen etter.

Stad; Skei Hotell

Dato; 27-28.10.17

Ragnhild snakka med hotellet.

Tema; Jordbrukstingingane, lokallaga sin time, sauekontrollen, rovdyr v. leiar – arbeid rovviltneimnda,
Kari-Anne Wilberg frå NSG – utmarksbeite/beitebruk og rovdyr, Hermund Mjeldstad – erstatning
rovdyr.

Rovdyr og beitebruk.

Ragnhild snakkar med Kari-Anne

Solgun snakkar med Aleksander Øren Heen - sone 1 og forvaltning

Sak 41/17. «Strategi» for innspel til media i høve beitesesongen. Kva og kor tid?

Ragnhild har laga forslag til tre ulike; bandtvang, skada dyr og gjerdehald/falleferdige hus.

Bandtvang – slutten av juli, ventar nokon veker – skada dyr.

Gjerdehald – beitelaga

Ragnhild tek ansvar for å senda ut.

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599

Sak 42/17. Oppfølging «gamle saker». Apotekavtale. Markering 70 år
Apotekavtale – Odd Jarle fylgjer opp.

Markering 70 år.

- «Toastmaster» er ok
- Avtale med hotell er ok og underskriven

Samla alle gamle årsmeldingar

Prøva å få samla alle gamle årsmeldingar til markeringa neste år.
Høyra med gamle leiarar, fylkesarkivet.

Jo sjekkar fylkesarkivet. Ragnhild sjekkar kva ho har liggande.

Sak 43/17. Ymse

a) Søknad frå SJHB om økonomisk støtte til jubileum 21-23.sept - 100 år.

SFSG støttar jubileumsfeiringa til SJHB med kr 1000,-

b) E-post frå Kathinka 15.6 ang grillaksjon lam laurdag 8.juli

Senda ut e-posten til lokallag med oppfordring vist tid.

SFSG ikkje kapasitet til å gjera det no med det vært og den våren me har her no. Sit å ventar på slåtten.

Bestilla mat frå Nortura innan 21.juni.

SFSG vidaresender. SFSG har hatt det oppe på styremøte i dag. Ser at me kan ikkje pålegga nokon om å gjera dette med tanke på den situasjonen er oppe i no med å venta på slåtten. Viss det er nokon lokallag som vil so vil vera med står dei fritt til å gjera det.

Tilbakemelding til Solgun snarast.

Me oppnemner ikkje nokon fylkeskontakt.

Solgun sende til lokallag.

c) Rovviltpolitisk samarbeidsutvalg mellom fylkeslag i NSG, NBS og NB

Ragnhild har vore i kontakt med SFB.

Me må utnemna 1 pers ansvarleg/kontaktpers rovvilt.

Bondelag ta kontakt med småbrukarlaget og bondelaget sf. Møte med fylkesmannen.

Kan kontaktutvalet vidareførast/omdøypast/omorganiserast.

Tett dialog denne beitesesongen. Formalisera samarbeidet til beitesesongen 2018.

Ragnhild vert med på møta ang etablering av rovdyrpolitisk samarbeidsutval.

Solgun vert med vidare. Viktig med kontaktperson i Indre Sogn.

Referent; Solgun Haugen

Postadresse:

Ragnhild Sæle

Stranda 57

6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro:

3703 20 15213

Orgnr.

971 115 599